

forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

*FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Friluftsrådet Ålesund og Omland, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidarkretsar og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.*

## Møtereferat – FNF – 24 feb 2014 (kl 1130 – 1330)

**Møtestad: NJFF sine lokaler på Skaret i Fræna kommune**


**Til stades; Øystein Folden (NAT), Synnøve Valle (Speidarane), Åsa Fredly (NJFF), Atle Frantzen (MRT) og Ingbjørn Bredeli. Ola Fremo, Maria Teigland og Geir Haugli hadde meldt forfall.**

### **1. Fellesmøte FNF 5 mars – gjennomgang av utkast til budsjett og handlingsplan 2014, årsrapport for 2013, forslag til repr i AU for 2014**

Etter ein generell diskusjon om FNF-arbeidet (ressursbruk, bestillingsdialog o.l.) valde AU å leggje fram utkast til budsjett (sjå under).

Årsrapport 2013 gjennomgått og endra litt på i teksten samt lagt inn eit avsnitt med bilder frå nokre av aktivitetane frå 2013.

Ein ser at tal AU-møter bør avgrensast til 4-5 møter i året (gjerne på ettermiddagen) og gjerne knytte desse til konkrete saker. MRT ønskjer at ein annan turistforening stiller i 2014 (me spør ÅST), elles stiller Naturvernforbundet, NJFF, FNR samt speidarane.



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal


Postar	Budsjett 2014
<b>Inntekter</b>	<b>Inntekter</b>
Tilsk Fylkeskommunen	200 000
Tilsk Fylkesmannen	30 000
Prosj tilskot	10000
Dr tilsk FRIFO	500 000
Div innt	20 000
Rente	500
<b>Sum inntekter</b>	<b>760500</b>
<b>Utgifter:</b>	<b>Utgifter</b>
Løn FNF-koordinator	600000
Prosjekt	10000
Leige kontor	30000
Adm. FNF-stilling	10000
Datautst og kostn	20000
Kursutgift	10000
Telefon/ internett	20000
Reiseutg	50000
Tilsk andre organisasj	20000
Fordeling kostn	50000
<b>Sum utgifter</b>	<b>820000</b>
<b>Underskot</b>	<b>59500</b>

## **2. Frivillige organisasjonar og lokale/kommunale FNF/friluftsråd – er dette noko å tenkje på for oss i Møre og Romsdal ? (eg held på med eit notat om dette som blir lagt fram på møtet)**

Notatet som vart sendt i e-post 23 feb. vart gått gjennom. Dette notatet hadde ikkje til hensikt å innstille på noko, men å informere og innleie til ein diskusjon om temaet. AU meiner at slik situasjonen er no må det må gode grunnar til å lage lokale FNF og at FNF i fylket heller vil prioritere arbeidet i medlemsorganisasjonane.

## **3. Det var samling for FNF på Gran 10-11 feb 2014 – gjennomgang av dei viktigaste punkt frå denne samlinga (blant anna snøskutersaka, sjå utsendte epostar).**

På førehand var det sendt ut informasjon pr e-post om kva som var gjort sentralt for å påverke snøskutersaka og kva som var gjort lokalt (KNT).



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

Når det gjeld frisleppet av skuterkøyring knytt til rekreasjonsløyper i dei tre kommunane i fylket (Surnadal, Rindal og Neset) har FNF vore eintydig og ønskjer ikkje dette. Det vil no vere viktig å følgje med når arbeidet med dei lokale forskriftene startar for å påverke dette arbeidet tidleg og tydeleg.

#### **4. Rådgevande utval for Geiranger-Herdalen verneområde – FNF er bedne inn der (sjå vedlegg)**

Til no har NJFF (Fredrik Emblem) teke FNF-hatten på i det rådgevande utvalet i Trollheimen, Naturvernforbundet (Øystein Folden) i Dovrefjell og FÅO (Geir Haugli) og Naturvernforbundet (Knut Festø) i Reinheimen. Utover desse er dei ulike organisasjonen repr i dei rådgevande utvala.

Me tilbyr ÅST å vere FNF-repr. i det rådgevande utvalet i Geiranger-Herdalen. Om ikkje ÅST ønskjer dette, vil FNF Møre og Romsdal stille med koordinatoren.

Dette er det fjerde store verneområdet i fylket med rådgevande utval. Me ser no at det er fellesnemnarane for dei 4 ulike råda knytt til; fag, setje dagsorden, prosessar og liknande. FNF vil kalle saman alle FNF-repr i dei fire rådgevande utvala til eit møte kor ein ser på desse fellesnemnarane.

#### **5. Eventuelt**

Det er varsla 15 småkraftverk til behandling i nær framtid i 3 «pakkar»; 5 i Sunndal, 5 i Sykkylven og 5 i Ørskog. Dessutan Brøvrevatnet i Ulstein kommune.

Øystein gjekk gjennom dei vassdragsplanane han hadde oversikt over. Me legg opp til felles uttalar der NJFF/turistforeningane/Naturvernforbundet har felles synspunkt. Elles er det positive signal ved at NVE avslår søknadene om kraftutbyggingar.

Me minner om det årlege fellesmøtet i FNF 5. mars kl 1830-2030 i Molde (i FNF sine lokaler).

25.02.2014

*Ingbjørn Bredeli*  
FNF Møre og Romsdal